



Ivar Gundersen har hatt ei lang ventetid på prosjektet sitt (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bustadprosjektet i Nedre Halsabrotet har no kome eitt steg vidare i og med at det er søkt om byggjeløyve for tekniske anlegg og bustader.

Byggadministrasjon

Harald Bjørndal på Eikelandsosen søker på vegne av utbyggjar Kvinnerad Bygg om 1 trinns løyve for desse anlegga:

- * Nytt adkomstvegnett med avkøyring frå kommunal veg, inkludert fortau frå avkøyring og ned til fylkesvegen
- * Nytt VA-anlegg
- * Utomhusanlegg med leikeplassar, opparbeiding av hagar, fellesareal og adkomst til bustadar. Murar får høgde opp mot 3 meter
- * Tomannsbustader i område BK1, BK2, BK4 og BK5
- * Tremannsbustader på område BK3.

Vassverket har godkjent planane med merknadar.

Kommunen krev
ny kommunal spillvassleidning på 200 millimeter gjennom området
og også ny overvassleidning på 600 millimeter.

Av Ola Matti Mathisen